<table>
<tr><td colspan="4">

## HAUSTELISTE 22 – 29 Juli

Det nye denne veka er ein smak av brokkoli frå kålfeltet. Elles skal vi hauste kvitløk – dette er best å gjere ein dag utan for mykje regn. Om veret blir nokon lunde haustar vi saman i morgon, og elles kan ein komme innom å hauste sjølv. Du kan ete kvitløken med ein gong, som fersk. Resten kan du henge opp/legge til tørk. Då får dei god haldbarheit.

Haust ein bunt med frisk vårløk, og eit par sukkererter. Løken skal vekse litt til før den er hausteklar, men vi tek ein forsmak, og haustar den største vi finn i løksenga. Ein fennikel, og elles dei urtene du måtte ønske.<br>No kan du byrje å hauste din andre agurk. Har du ikkje hausta agurk endå er det berre å kome innom/følgje med i drivhuset framover.

God tur til åkeren!
</td></tr>
<tr><th>PLANTE</th><th>KVAR</th><th>KORLEIS</th><th>KOR MYKJE</th></tr>
<tr><td>BROKKOLI<br></td><td>I kålfeltet</td><td>Bruk gjerne ein kniv og skjær av under hovudet. Sideskot kan også knekkast av.</td><td>Det finnast omtrent 20 små brokkoliar + sideskot du kan hauste når du er innom. Ettersom det vil bli meir sideskot etter kvart kan du hauste det du trenger når du er innom. Opptil 5 små hovud.</td></tr>
<tr><td>KVITLØK<br></td><td>I faste senger, bak tunnelen. Nr. 10, 11, 13, 14, og 15</td><td>Dra opp heile. Det kan vere nødvendig å bruke spade på nokon av kvitløkane. Et fersk, eller heng opp til tørk.</td><td>12 stykk per andel.</td></tr>
</table>

| | | | |
|---|---|---|---|
| JORDBÆR  | Heilt i enden av åkeren. | | Plukk det som er modent når du er innom! |
| VÅRLØK  | Seng nr. 29 – står i same senga som purre. | Dra opp, og ta med heile | 4 stykk per andel |
| KEPALØK GUL/RØD | Nr. 32 - 33 | Dra opp. Det grøne kan også etast. | 1 løk per andel. Ta den største du finn. Gul eller raud. |
| SUKKERERT  | Fast seng nr. 4 | | 5 stykk per andel |
| SUKKERERT LILLA | Fast seng nr. 4 | | 10 stykk per andel |

| | | | |
|---|---|---|---|
|  | | | |
| FENNIKEL<br> | Til høgre for tunnelen. | Bruk kniv, og kutt av i høgde med jorda. | 2 stykk per andel. Det grøne kan også nyttast. |
| OREGANO<br> | I urtebedet | Knip/klipp av | Det du trenger. |
| EPLEMYNTE | I urtebedet, bak pilhytta | Knip/klipp av | Det du trenger |

| | | | |
|---|---|---|---|
|  | | | |
| LUFT/PIPELØK<br> | Seng 1, og 2 | Knip, knekk av. Blomen/lauken som kjem på toppen er også etandes. | Det du trenger |
| BASILIKUM<br> | I drivhuset | Klipp med saks. Klipp over eit bladpar (der blada kjem ut på stilken) i litt høgde over jorda, så veks den seg fint til att. | Haust det du treng. |
| BASILIKUM RØD | I drivhuset | Klipp med saks. Klipp over eit bladpar (der blada kjem ut på stilken) i litt høgde over jorda, så veks | Haust det du treng. |

| | | | |
|---|---|---|---|
|  | | den seg fint til att. | |
| SITRONBASILIKUM  | I drivhuset | Klipp med saks. Klipp over eit bladpar (der blada kjem ut på stilken) i litt høgde over jorda, så veks den seg fint til att. | Haust det du treng. |
| AGURK  | I drivhuset | | Hausteklar agurk; haust, og skriv opp bakerst i dugnadsboka i fjøsen. |
| CHILI | I drivhuset | | Hausteklar chili; haust, og skriv opp bakerst i dugnadsboka i fjøsen. Vi haustar ein kvar før vi haustar nr. 2. |

| | | | |
|---|---|---|---|
|  | | | |